

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 10.06.2015
Vår ref.: 2015/890-3
Saksbehandlar: erlhofs
Dykkar ref.: «REF»

Forum kino (Fjøsangerveien 28), Bergen. Fredingsforslag til høyring og offentleg ettersyn

I medhald av lov om kulturminne § 15 jf. § 22 har Hordaland fylkeskommune utarbeidd eit forslag til freding av Forum kino (Fjøsangerveien 28) i Bergen. Fredingsforslaget vert med dette sendt på høyring til partane i saka. Forslaget vert òg lagt ut til offentleg ettersyn i Hordaland fylkeskommunes lokale og på fylkeskommunen sine nettsider www.hordaland.no. Dette vert kunngjort i avisene Bergens Tidende, Bergensavisen og Norsk lysingsblad.

Som bygningshistorisk dokumentasjon er lagt ved ein rapport skrive av kunsthistorikar Knut Rommetveit. Vurderingane her er forfattarens eigne, men fylkeskommunen meiner rapporten er ei god skildring av bygningshistoria og dei arkitektoniske kvalitetane til kinobygningen.

Vi ber om at eventuelle merknader til fredingsforslaget, som vil følgje saka fram til endeleg avgjerd, vert sende innan seks veker frå dette brevet er motteke til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen, eller på e-post til hfk@hfk.no

Med helsing

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Riksantikvaren
Fortidsminneforeningen Hordaland
DOCOMOMO Norge

Vedlegg

- 1 Forum kino. Fredingsforslag
- 2 Forum kino. Bygningshistorisk dokumentasjon
- 3 Forum kino. Fotodokumentasjon